



NVE - Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

Dykkar ref.: NVE201201139 Sakshandsamar: Marit Carlsen Vår ref.: 1233745 Rev. 8 Vår dato: 06.08.2014

## Konsesjonssøknad for Gjengedal kraftverk i Gloppen kommune

### Kommentarar frå utbyggjar SFE Produksjon AS (SFE) til høyringsfråsegner

#### Innhold

1	Innleiing .....	2
2	Teknisk plan .....	6
3	Hydrologiske forhold.....	9
4	Landskap og inngrepsfrie naturområde (INON).....	12
5	Naturmiljø og naturens mangfold .....	12
6	Kulturminne og kulturmiljø.....	20
7	Forureining og vasskvalitet .....	21
8	Naturressursar .....	22
9	Samfunn.....	22
10	Friluftsliv og reiseliv.....	24
11	Oppsummering .....	24
12	Nye vedlegg til konsesjonssøknaden.....	25

#### Sogn og Fjordane Energi AS .....

Bukta, 6823 Sandane  
Telefon: 57 88 47 00  
Telefaks: 57 88 47 01  
Kundesenter: 57 88 47 47  
E-post: post@sfe.no

Heimeside: [www.sfe.no](http://www.sfe.no)  
Org. nr.: 984 882 092  
Bankkonto: 5083 05 50507

SFE Nett AS  
Org. nr.: 984 882 114  
Bankkonto 5083 05 50914  
Besøksadr. Hamregata 1,  
Florø

SFE Produksjon AS  
Org. nr.: 984 882 106  
Bankkonto 5083 05 50892

SFE Kraft AS  
Org. nr.: 984 882 076  
Bankkonto 5083 05 50531

Svelgen Kraft AS  
Telefon: 57 79 61 00  
Org. nr.: 986 530 649  
Bankkonto: 1503.14.15109  
Besøksadr.: Svelgen

# **1 Innleiing**

Høyringsperioden for konsesjonssøknaden for Gjengedal kraftverk er no avslutta. Innspela frå høyringspartane har gjeve informasjon som kan gjere prosjektet betre, spesielt i høve til miljø. På grunn av dei mange høyringsfråsegnene, har SFE Produksjon AS (SFE) valt å ikkje kommentere alle tema i alle fråsegner, men delt det inn temavis og kommentert kvart tema.

## **1.1 Oppdatering og retting av konsesjonssøknad**

I høyringsperioden er det oppdaga mindre feil som vi ynskjer å rette opp. Vi har òg på bakgrunn av informasjon i høyringsfråsegnene gjort mindre justeringar som vi kommenterer her.

### **1.1.1 Justering av Alternativ 1**

Under kapittel 2.2 kjem SFE Produksjon med forslag til justering av Alternativ 1 der vi tek bort reguleringa av Storevatnet i tida 15. mai til 15. august (fiskesesongen). Alternativ 1, slik det ligg føre i konsesjonssøknaden, er framleis vårt primære alternativ, og høyringsfråsegnene er kommentert med bakgrunn i dette alternativet.

### **1.1.2 Retting av tekst knytt til overflatehydrologi**

I konsesjonssøknaden kapittel 3.1 Overflatehydrologi, avsnitt 2 er det ein feil i teksten. Rett tekst skal vere: "Målestasjon VM 86.4 Gjengedalsvatnet er nytta til vassmerke."

### **1.1.3 Storleik på turbin**

I kapittel 2.7 på side 12 i konsesjonssøknaden står det at det skal installerast to Francisturbinar (eventuelt Pelton) og at turbinane er planlagt like store.

Det som er mest truleg er at det blir installert ein stor Francisturbin og ein mindre Pelonturbin, der Pelonturbinen har ei minste slukeevne på  $0,5 \text{ m}^3/\text{s}$  slik tabell 2-2 Hovuddata på side 8 syner. Samla skal dei to turbinane ha ei maksimal slukeevne på  $18,4 \text{ m}^3/\text{s}$  (tabell 2-2 på side 8 i konsesjonssøknaden).

Det vil bli informert om detaljar kring turbintypar og storleik på desse i detaljplanen.

### **1.1.4 Oppdaterte temperaturkurver**

Vass temperaturkurva i figur 3-5 på side 36 i konsesjonssøknaden er feil, og nye temperaturkurver er inkludert i Vedlegg 8. Sjå kommentarar til dette under kapittel 5.15 i dette dokumentet.

### **1.1.5 Oppdaterte vassføringskurver**

Det er utarbeidd nye vassføringskurver for vassføringa nedstraums kraftverket, sjå Vedlegg 9.

Desse kurvene har ei betre oppløysing enn kurvene som ligg som vedlegg til konsesjonssøknaden. Kurvene viser perioden mai – september; eitt vått, eitt tørt og eitt middels år, med og utan regulering av Storevatnet. Sjå kommentarar til dette under kapittel 2.2 i dette dokumentet.

### **1.1.6 Oppdatert varigheitskurve**

Varigheitskurva for vasstanden i Dalevatnet er oppdatert med ein lenger måleserie, sjå Vedlegg 10.

Sjå kommentarar til dette under kapittel 3.3 i dette dokumentet.

## **1.2 Generell kritikk mot konsekvensutgreiingane**

Fleire av høyringspartane har kome med kritikk til fagutgreiingane som omhandlar naturmiljø og landskap, kulturminner og friluftsliv/reiseliv.

## **1.3 Feltarbeid**

Fylkesmannen, Lennart Moe, Henning Moe, grunneigarar i Ommedal og WWF/DNT/NNF har meiner at omfanget av feltarbeidet for utgreiingstema naturmiljø er for lite, slik at ein ikkje har kartlagt alt som bør kartleggast.

SFE viser til at hovudprinsippet for konsekvensutgreiingar er å gje ei skildring av interessene som eit utbyggingstiltak kan få følgjer for, og ei vurdering av konsekvensane for desse interessene. Utgreiingane skal vere avgjerdssrellevante, og skildre alle vesentlege tilhøve og endringar. Kva som skal utgreiast og i kva for omfang, kjem fram av konsekvensutgreiingsprogrammet.

Sweco, som vart tildelt oppdraget med konsekvensutgreiingane, har lagt opp feltarbeidet for å få tilstrekkeleg kunnskap om dei tema som er beskrivne i utgreiingsprogrammet. Verdiar i eller ved influensområdet som ikkje vil bli påverka vart difor vektlagt då dette ikkje er relevant i forhold til å skaffe eit godt avgjerdssgrunnlag. Dette gjeld mellom anna bekkekløfta nedstraums planlagd kraftstasjonsutløp og størstedelen av området rundt Storevatnet og Dalevatnet.

Lennart Moe, grunneigarar i Ommedal og WWF/DNT/NNF peikar på at alt, eller delar av feltarbeidet er utført til feil tid på sesongen. SFE kan ikkje sjå at dette er rett. Feltarbeidet vart gjort tidleg i juni og i midten av august. August er innanfor vekstsesongen til plantane. Tidleg i juni har ikkje plantane kome så langt i fjellet, men langt nok til at erfarte biologar kan danne seg eit bilet av kva for vegetasjonstypar som finst. Tidleg juni er eit godt tidspunkt for registrering av fugl og samling av botndyr frå elvane og garnfiske. Sidan lakse-

og aureyngelen først kjem opp av gytegrusen i juli, er gjennomføringa av el-fiske i midten av august òg eit godt tidspunkt for denne type undersøkingar.

Lennart Moe meiner at SFE Produksjon (her: konsulenten) ikkje har tatt seg tid til å undersøke gjelet, dvs. bekkekløfta nedstraums Gjengedalsfossen. Som tidlegare nemnt er det ikkje vurdert som relevant å undersøke kløfta nedstraums stien frå Mjellem sidan dette strekkjet ikkje vil bli påverka. Utbyggjar meiner at alt i alt gjer undersøkingane som er gjort eit godt grunnlag for å vurdere konsekvensane av tiltaket, sjølv om det ikkje let seg gjere å kome til over alt.

Lennart Moe og Henning Moe etterlyser nærrare utgreiing av spesielt rovfugl, og fortel at det er godt kjent at fleire rovfuglartar og hubro finst i området. Sweco har spurt etter slike opplysningar i møte lokalt etter som ein er avhengig av informasjon frå lokalkjende. Det er fint at slike opplysningar kjem fram under høyringa, men SFE kan ikkje sjå at nye opplysningar endrar konsekvensvurderinga.

Henning Moe seier at det står i utgreiingsprogrammet at det skal utførast kartfesting av «viktige gyteplasser/-groper for laks og sjø-ørret på anadrom strekning nedanfor fossen». Dette stemmer ikkje. Det står «relevante elve- og innsjøareal». Då tiltaket vil få lita påverking på anadrom fisk, er det ikkje relevant å kartleggje gyteområde i detalj i denne fasen fordi det ikkje har betydning i forhold til avgjerda.

Dersom det blir gjeve konsesjon er det etter SFE sitt syn likevel relevant å dokumentere gyteområde som grunnlag for å samanlikne med etterundersøkingar.

## 1.4 Metodefeil

Fleire av høyringspartane kjem med kritikk av naturmiljøutgreiinga av ulike årsaker. Metodefeil i samband med verdisetting og konsekvensvurdering er mellom anna eit moment som trekkast fram hos fleire høyringspartar (Fylkesmannen, Lennart Moe, Henning Moe, Grunneigarar i Ommedal, Naturvernforbundet). Sweco opplyser at alle vurderingane er gjort etter gjeldande metodar som er gjeve i rettleiarar og retningsliner frå myndighetene.

Heile konsekvensutgreiinga er gjennomførd med utgangspunkt i ein trestegs-prosedyre for konsekvensutgreiingar av ikkje-prissette konsekvensar (Statens vegvesens håndbok 140 (2006)). Dette gjeld for alle fagtema og bruken av metoden skal bidra til at alle vurderingar blir så objektive som mogleg. Metoden har sine svakheiter og ein må alltid kunne rekne med å bruke ein viss grad av fagleg skjønn i vurderingane.

DN-håndbok 13-2007 (Kartlegging av naturtyper – verdisetting av biologisk mangfold) er brukt for å identifisere og verdsette det som i utgreiinga kallast verdifulle naturtypar (jf. Utgreiingsprogrammet). I følgje NVE-rettleiar 3-2010 (Konsesjonshandsaming av vasskraftsaker) skal metodikken i NVE-veileder 3-2009 (Kartlegging og dokumentasjon av biologisk mangfold ved bygging av småkraftverk (1-10 MW) ) brukast når verdi av dei ulike delane av biologisk mangfold skal settast (jf. vedlegg II i NVE-veileder 3-2009). Til slutt er det vanleg å gjere ei samla vurdering av verdi for høvesvis verdifulle naturtypar, vegetasjonstypar, karplantar, mosar og lav, pattedyr, fugl, fisk og ferskvassbiologi. Når ein

vurderer samla verdi for eit tema som omhandlar fleire delområde, kan den samla verdien bli vurdert til å vere lågare enn høgste verdi for eit enkeltområde (jf. Metode i Statens vegvesen håndbok 140).

I eitt av tilfella ser vi at det er sett stor verdi for Gjengedalsfossen (dvs. bekkekløfta oppstraums og Gjengedalsfossen) for vegetasjonstypar, karplantar, mosar og lav, medan Gjengedalsfossen som eigen naturtype har fått middels til stor verdi. Det kan vere meir riktig å sette same verdi på begge, men dette er nyanseforskjellar.

Fylkesmannen kommenterer at konsulentane har gjeve andre verdiar på naturtypar enn det som er gjeve i Naturbase, og at dette er ein metodefeil. Konsulenten har opplyst at justering av verdien for enkelte av naturtypelokalitetane er gjort pga. at inngrep, som til dømes vegbygging og andre menneskelege inngrep, har endra naturverdiene i lokalitetene. Det er altså her snakk om oppdatering av eksisterande kunnskap, og ikkje metodefeil.

Eit anna forhold er bekkekløfta i Gjengedalsfossen som ikkje var direkte undersøkt frå før, men hadde fått stor verdi basert på observasjonar frå avstand (DN sitt bekkekløftprosjekt). Sweco opplyser at det under feltarbeidet til konsekvensutgreiinga kom fram ny kunnskap som gav eit betre grunnlag for å sette verdi. Ut frå den nye kunnskapen vart verdien redusert til middels til stor (med utgangspunkt i kriteria for verdisetting i DN-håndbok 13).

Fylkesmannen meiner at bekkekløfta er mangelfullt undersøkt, og at det er stort potensiale for funn av raudlista artar i fossesprøytsena. Vi meiner at dei delane av bekkekløfta som er tilgjengeleg er godt undersøkt. Dei indre delane mot fossesprøytsena er ikkje undersøkt fordi det krev klatring og medfører stor tryggleiksrisiko knytt til steinsprang og ras under feltarbeid. Undersøkingane har ikkje avdekkta førekomstar av raudlista artar.

I den trestegs metoden som vert nytta, er det òg gjeve eit kriteriesett for å sette omfang av påverknad. Når ein held dette saman med verdien, finn ein konsekvensen gjennom å bruke den såkalla «konsekvensvifta» i Statens vegvesens håndbok 140. Når ein har sett verdi og omfang av påverking, brukar ein denne til å kome fram til konsekvensgrad.

Grunneigarar i Ommedal med fleire kritiserer utgreiar av naturmiljø for bruken av frasar som «vi antar», «vi har grunn til å tru», «mest sannsynleg» og «det er ikkje truleg at». SFE Produksjon meiner at sidan det ikkje finst «fasitsvar» i naturen, må ein få fram at det er usikkerheit knytt til vurderingane.

## 1.5 Kompetanse

Fylkesmannen meiner at begrepsforvirring er ei svakheit ved naturmiljøutgreiinga og meiner at dette syner at fagkonsulenten ikkje er kjend med naturtypekartlegging. I dette oppfattar vi at Fylkesmannen meiner konsulenten ikkje har kompetanse til å gjere denne form for undersøkingar. SFE Produksjon kan opplyse om at alle begrepa som nyttast i naturmiljøutgreiinga er tekne frå utgreiingsprogrammet, og at det er desse termene som skal brukast i denne samanheng (jf. NVE-veileder 3-2009 og NVE-rettleiar 3-2010).

Utbyggjar kan vise til at dei som har laga naturmiljørapporten er utdanna biologar som har gjennomført kurs i naturtypekartlegging og at dei har gjennomført fleire titals kartleggingar

i samband med kraftutbyggingar i dei seinare år. Såleis har dei svært god kjennskap til korleis naturypekartleggingar skal gjerast. Vedkommande har dessutan arbeidd med konsekvensutgreiingar for små og store kraftverk i over 10 år og har difor omfattande kunnskap om verknadene av kraftutbyggingar på biologisk mangfald, noko som må seiast å vere ein styrke når ein skal vurdere omfanget av påverking av slike tiltak.

Fylkesmannen nemner dessutan at utgreiar har for liten artskunnskap om mosar og lav til å finne viktige levestader. Det er få i landet som har inngående artskunnskap når det gjeld mosar og lav, og ein kan difor ikkje venta at berre folk med slik spisskompetanse skal gjere denne form for undersøkingar. Konsulentane som vart nytta i konsekvensutgreiinga har vore gjennom opplæring i felt av ekspertar på mosar og lav og har erverva seg god kunnskap om kor dei potensielt viktigaste veksestadene er.

## **1.6 Forheld seg ikkje til oppsett utgreiingsprogram**

Fleire, m.a. Lennart Moe, Henning Moe, grunneigarar i Ommedal meiner at utgreiingane ikkje tilfredsstiller krava i utgreiingsprogrammet. Utbyggjar meiner at utgreiingane er utført etter krava i utgreiingsprogrammet.

## **2 Teknisk plan**

### **2.1 Kraftstasjon med utløp på toppen av fossen**

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane kjem med forslag om å ha kraftstasjonsutløpet på toppen av fossen.

SFE Produksjon sin kommentar:


- Dette kom òg som eit forslag i høyringsfråsegna frå Fylkesmannen i meldingsfasen. I «bakgrunn for fastsett KU program» side 26, skriv NVE at det ikkje er aktuelt å be om eit slikt alternativ no, men at det i konsesjonssøknaden blir gjeve ei kort teknisk/økonomisk grunngjeving for kvifor eit slikt alternativ er ueigna. I konsesjonssøknaden er dette temaet omtala i kap. 2.17, side 20.
- Vi meiner at det ikkje har kome fram nye opplysningar i KU eller høyringsfråsegner som tilseier at eit prosjekt med utløp på toppen av fossen er aktuell å byggje ut.

### **2.2 Forslag om å ikkje ha terskel og regulering av Storevatnet (Alt. 2)**


Fylkesmannen, grunneigarane i Austre Hyen meiner at ingen av vatna skal regulerast. Naustdal-Gjengedal verneområdestyre skriv i si fråsegn at alternativ 2 er å føretrekke framfor alternativ 1. Dag Bakketun skriv at ei utbygging kan skje utan regulering av Storevatnet.

SFE Produksjon sin kommentar:

- SFE Produksjon har i konsesjonssøknaden sagt at alternativ 1 er det alternativet som er prioritert. Sjølv etter å ha gått gjennom dei innkomne høyingsfråsegnene er dette det alternativet det primært blir søkt på.
- Med bakgrunn i at svært mange høyingspartar er opptekne av og uroa for at magasinvolumet i Storevatnet vil endre vassføringa/flaumane på den lakseførande strekninga, har SFE Produksjon vurdert eit anna vilkår for manøvrering knytt til Alternativ 1. Dette går ut på at vasstanden i Storevatnet skal ligge på HRV i tida 15. mai til 15. august. Dermed fjernar ein reguleringa og dempinga i Storevatnet i denne perioden, og vassføringa nedstraums kraftverket blir i denne perioden lik alternativ 2. Dette er vist på kurvene under som viser vassføring før og etter utbygging, med og utan regulering av Storevatnet, frå 1. mai til 1. september.
- SFE Produksjon meiner at ei regulering innanfor naturleg vasstandsviasjon i perioden 1. mai til 1. september ikkje har nemneverdig negativ effekt på fisk og fiske på den lakseførande strekninga. Ein ser likevel at tidspunktet flaumtoppane treff på er viktig for grunneigarar og brukarar av vassdraget, og opnar med bakgrunn i dette opp for ei slik løysing med eit meir avgrensa vilkår for manøvrering 15. mai til 15. august.
- Denne løysinga kan ha ei positiv effekt i forhold til kor synleg terskelen i utløpet av Storevatnet blir. Vassføringa og vasstemperaturen på den lakseførande strekninga vil bli meir identisk før og etter utbygging. På negativ side vil middelproduksjonen gå ned med om lag 0,5 GWh.



**Figur 1** Vassføring nedanfor kraftverket i perioden 1. mai - 1. september utan regulering av Storevatnet



Figur 2 Vassføring nedanfor kraftverket i perioden 1. mai - 1. september med regulering av Storevatnet

### 2.3 Forslag om å ikkje regulere Dalevatnet

Grunnegarane i Austre Hyen og Fylkesmannen med fleire skriv i sine fråsegner at dei ikkje ynskjer at nokon av vatna blir regulerte.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Ei løysing med inntak i Dalevatnet, utan terskel i utløpet av vatnet, er ikkje råd å gjennomføre om vasstanden i vatnet skal kunne haldast på eit normalt nivå.
- Når det gjeld Storevatnet er alternativ 2 utgreidd med ei løysing utan terskel og regulering av Storevatnet.

### 2.4 Gassovermetting

Henning Moe, Rasmus Ommedal med fleire har omtala gassovermetting i sine høyringsfråsegner.

SFE Produksjon sin kommentar:

- SFE Produksjon sine erfaringar med gassovermetting er at dette først og fremst er eit problem i bekkeinntak der ein dreg luft inn i vassvegen. Slike inntak har ein ikkje i dette prosjektet.

- Ein dårleg utforma inntakskonstruksjon med for låg kapasitet kan òg skape desse problema. Slik som inntaket er planlagt plassert i Dalevatnet, ligg alt til rette for at ein skal få til gode løysingar, slik at gassovermetting ikkje blir eit problem.
- Luftinnsug i pumpene i inntaket i Stølselva blir òg sett på som ei mogeleg kjelde for gassovermetting. Frå utbyggjar si side meiner vi alt ligg til rette for å dykke desse pumpene slik at ein eliminerer dette problemet.

## 2.5 Omløpsventil

Fylkesmannen og grunneigarar i Ommedal med fleire er opptekne av at omløpsventilen som er planlagt i kraftverket må vere sikker og at den føreslegne ventilen ikkje er stor nok.

Omløpsventil er òg kommentert i kap. 5.16.

## 2.6 Plassering av utløp frå kraftstasjon

Fylkesmannen skriv at utløpet frå kraftstasjonen blir plassert om lag 180 m nedstraums fossen.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Spørsmålet er kvar ein definerer foten av fossen. Utløpet frå tunnelen er tenkt plassert i øvste delen av siste hølen før fossen. Bakgrunnen for plasseringa av avløpstunnelen er at ein her som ved liknande anlegg, har planer om å nytte avløpstunnelen som rømmingsveg. Dersom ein plasserer utløpet frå tunnelen lenger opp i fossen vil tunnelen berre kunne nyttast som rømmingsveg ved låge vassføringar.
- Biletet viser Gjengedalsfossen ved om lag  $37 \text{ m}^3/\text{s}$ . Det planlagde utløpet frå kraftverket er planlagt i området i venstre nedre hjørne av biletet.



## 3 Hydrologiske forhold

### 3.1 Minstevassføring på toppen av fossen

Grunneigarar i Ommedal med fleire stiller spørsmål om korleis det er mogleg å dokumentere vassføringa på toppen av fossen. Ein har òg vore opptekne av om dreneringa frå restfeltet mellom inntaka og fossen kan dekke opp differansen mellom minstevassføringa på toppen av fossen og sleppet av minstevassføring frå terskel i Dalevatnet og terskelen i Stølselva. Det er òg uro for at ein må tappe magasina under LRV for å halde minstevassføringskravet på toppen av fossen.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Om lag 100 meter ovanfor fossen er det ein høl som er godt eigna for plassering av ein målestasjon som registrerer vassføring med ønska tidsoppløysing. Vassføringsdata blir sendt over til SFE sin driftssentral for overvaking og vidare til NVE for dokumentasjon.
- Desse data vert òg overført til styringssystemet i kraftverket som automatisk stiller inn tappeluka i Dalevatnet slik at konsesjonskravet på toppen av fossen vert oppfylt.
- Når kraftverket står vert luka brukt på same måte inntil ein eventuelt kjem ned på LRV. Deretter vert tilsiget sleppt gjennom luka.

### **3.2 Magasinvolum, magasinkart og fyllingsberekingar**

Henning Moe skriv i si høyningsfråsegn at NVE sine instruksar om magasinvolum, magasinkart og fyllingsberekingar ikkje er gjennomført.

SFE Produksjon sin kommentar:


- Magasinvolum og kurver som viser vasstanden i Storevatnet og Dalevatnet i dei ulike alternativa er med i søknaden. Reguleringa av begge vatna er innanfor det som er naturleg vasstandsviasjon. Reguleringa vil difor ikkje demme ned eller tørrlegge areal ut over det som i dag vert tørrlagt eller oversvømmast som følgje av naturleg variasjon.
- Det har ikkje vore krav til magasinkart. Maksimal vasstandsviasjon i vatna i uregulert tilstand er betydelig større enn det som er kalla naturlig variasjon.

### **3.3 Måleserie i Dalevatnet for kort til å fastslå naturleg vasstand**

Henning Moe med fleire meiner at måleserien for å fastslå naturleg vasstand i Dalevatnet er for kort.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Grunnlaget for kurva under er vasstandsmålingar utført i Dalevatnet i perioden 02.06.2012 - 21.03.2014. Erfaring frå andre tilsvarende prosjekt, er at ein etter eitt år vil ha relativt gode tal for å fastsetje naturleg vasstandsviasjon.



Figur 3 Varighetskurve for vasstand i Dalevatnet i perioden 02.06.2012 - 21.03.2014

- Denne kurva dekkjer ca. eit halvt år lenger periode enn det som var bruk i konsesjonssøknaden. Ut frå denne kurva er naturlig vasstandsvariasjon 0,9 meter, dersom ein bestemmer naturlig variasjon som differansen mellom  $H_{95}$  og  $H_5$ , det vil seie det same som var nytta i konsesjonssøknaden.
- Det kan for øvrig nemnas at skilnad mellom høgaste og lågaste observerte vasstand var 1,35 meter i Dalevatnet. Ved lenger måling vil denne differansen mest truleg kunne bli større.

### 3.4 Vekting av måleseriar for å beregne Q95 på toppen av fossen

Henning Moe er skeptisk til vektinga av målestasjonane 86.10 og 86.4.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Det er ikkje målt vassføring på toppen av fossen. Lågvasskartet til NVE vart difor brukt i tillegg til data frå de to målestasjonane.
- I følgje NVE gir lågvasskartet gode verdiar i denne regionen for Q95 (sommar, vinter og året), slik at disse verdiane kunne blitt brukt direkte. Etter vår vurdering gir lågvasskartet litt for låge verdiar. Vekting vart difor gjord slik at spesielt verdien for sommarperioden vart høgare enn lågvasskartet sin verdi på toppen av fossen. Dei høge verdiane for Q<sub>95</sub> ved Storevatnet skuldast i hovudsak høg bre og effektiv sjøprosent. Disse verdiane minkar raskt nedover vassdraget. Feltarealet ved toppen av fossen er omlag det dobbelte av feltarealet til utløpet av Storevatnet, og SFE meiner at

vurderinga byggjer på godt fagleg skjønn. Konsekvensen av dette er at vi søker om høgare minstevassføring enn om vi hadde brukt NVE sitt lågvasskart direkte.

## 4 Landskap og inngrepsfrie naturområde (INON)

### 4.1 Landskapsrom

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane meiner at Storevatnet og Dalevatnet er i to ulike landskapsrom, og at dei har ulik verdi grunna ulik mengde inngrep og nærleik til urørd natur. Verneområdestyret er uroa over at reguleringssona vil bli godt synleg. Dag Bakketun peikar på at overløpstrestskelen i Storevatnet vil vere synleg frå lang avstand.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Utbyggjar meiner inndeling i landskapsrom er uvesentleg. Vurderinga om alternativ 1 og 2 har ulik konsekvens er viktigare. Tersklane og dei korte tilkomstvegane vil bli synlege berre i nærområda. Vi held difor på at inngrepa vil bli så små og lite synlege at konsekvensen vil bli liten, uansett alternativ.
- Utbyggjar meiner vidare at sidan reguleringa haldast innanfor det som er naturleg vasstandsvariasjon, vil det ikkje oppstå ei skjemmande reguleringssone.

## 5 Naturmiljø og naturens mangfold

### 5.1 Massedeponi

Fylkesmannen ønskjer ikkje at det skal opprettast massedeponi ved Klype. Som argument viser han til at dette er ein prioritert naturtype av verdi A (svært viktig/stor verdi), og at den nær trua orkidéarten kvit skogfrue er registrert her.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Under synfaring vart det avdekkja at avgrensinga i Naturbase av den verdifulle naturtypen var særskilt unøyaktig, og at området på sletta ved Klype knapt oppfyller kriteria til å kunne kallast rik edellauvskog (jf. DN-håndbok 13-2007). Utbyggjar meiner difor at det er lite truleg at dei botaniske verdiane blir påverka i vesentleg grad og meiner det er forsvarleg å plassere deponiet her. Massedeponi er vidare kommentert under kap. 7.2.

### 5.2 Effekt av regulering på naturmiljø / bekkekløft og fossesprøyt

Lennart Moe seier at reguleringa i vatna og redusert vassføring i elvane vil føre til auka fare for uttørking av fuktavhengig vegetasjon. Mellom anna meiner han at fossesprøytsona i Gjengedalsfossen står i fare for å forsvinne. Grunneigarar i Ommedal har òg dette synspunktet.

Grunneigarar i Ommedal, NJF, WWF/DNT/NNF, Fylkesmannen og Lennart Moe er uroa for at senking av vasstanden i vatna vil drenere og tørke ut viktige våtmarksområder for fugl.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Utbyggjar meiner at med slepp av minstevassføring er det ikkje grunn til å tru at fuktkrevjande vegetasjonen vil forsvinne, sjølv om utbreiinga mest truleg blir mindre enn i dag, og at tørketolerante artar vil få større utbreiing enn i dag.
- Utbyggjar vil minne om at vasstanden i vatna varierer gjennom året i naturleg tilstand. Så lenge den regulerte vasstanden held seg innanfor naturleg lågaste og høgste vasstand, vil ikkje reguleringa føre til drenering.

### **5.3 Storlom**

Fylkesmanen fryktar at regulering kan føre til at storlomen mislykkast med hekkinga, sjølv om vasstanden ikkje er planlagd å senkast meir enn 30 cm under høgste regulerte vasstand mellom 15. mai og 1. juli.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Vi meiner tvert om at vil vere fordelaktig for storlomen då variasjonen i naturleg tilstand er dokumentert å vere opp mot 70 cm i denne perioden (jf. figur 60-63, vedlegg 3 i konsesjonssøknad og konsekvensutgreiing).

### **5.4 Naturmangfaldlova**

WWF/DNT/NNF, Naturvernforbundet, Henning Moe og Lennart Moe meiner at konsekvensutgreiinga ikkje gjev eit godt nok kunnskapsgrunnlag. Fleire uttrykker at NVE difor må avslå konsesjon med bakgrunn i føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova. Enkelte høyringspartar etterlyser òg tilleggsutgreiingar for å betre kunnskapsgrunnlaget.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Utbyggjar meiner kunnskapen som har kome fram under arbeidet med konsekvensutgreiinga gjev eit tilstrekkelig kunnskapsgrunnlag for NVE til å gje si innstilling til OED.

### **5.5 Oter**

Lennart Moe og Henning Moe meiner at utgreiinga ikkje er tilstrekkeleg i forhold til den sårbare arten oter. Henning Moe etterlyser feltarbeid i forhold til oter (og andre pattedyr).

WWF/DNT/NMF meiner oter vil bli sterkt påverka grunna redusert fiskebestand.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Oter er omtala, men sidan det ikkje er venta vesentlege konsekvensar for arten, er den ikkje omtala i nærmare detalj. Det er lite realistisk at feltarbeid innanfor ei slik arbeidsramme som er forventa i KU-saker kan avdekke meir vedtaksrelevant kunnskap om oter.
- Utbyggjar kan opplyse at fiskebestanden i elvepartia som får redusert vassføring består av liten aure som ikkje utgjer nokon viktig næringskjelde for oteren.

## **5.6 Villrein**

NJFF er uroa for effekten anleggsarbeidet vil få for villreinen. Villreinnemda for Sogn og Fjordane er òg bekymra for kva følgjer kraftverket vil få for reinen. Dei nemner mellom anna anleggsvegar som kan verte trekkhinder og auka allmenn ferdsel som problemområde. Grunneigarar i Ommedal er òg uroa for auka allmenn ferdsel.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Arbeidet i området ved Dalevatnet og Storevatnet, som er det viktigaste området for rein i influensområdet, vil berre vare i om lag eit halvår. Anleggsarbeidet kan først ta til etter vårfloommen då vasstanden må vere så låg som mogleg når arbeidet tar til. Dette betyr at ein kan unngå å forstyrre dyra i kalvingssesongen.
- Trafikken i samband med drifta av anlegget vil bli begrensa til tilsyn og vedlikehald av anlegget. Dette betyr ei marginal trafikkauke i forhold til i dag. I kva grad allmenn ferdsel aukar, har vi ikkje høve til å påverke. Slik auke kan skje uavhengig om anlegget blir bygd eller ikkje. Vi ønskjer å utforme anleggsveger og massetippar slik at dei passar inn i terrenget, og såleis ikkje blir til hinder for rein og andre dyr. Omfanget av anleggsvegar er lågt samanlikna med alt etablerte skogsvegar og vregar til støylar og hyttefelt.

## **5.7 Laks, aure og ål**

Fleire høyningspartar er uroa over negativ konsekvens for laks, aure og ål.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Frå tidleg prosjektstart har det vorte lagt avgjerande vekt på å minimere eventuelle negative konsekvensar for laks og sjøaure. Dette inneber utforming av inntak, kraftstasjonsplassering, lav minste slukeevne, omløpsventil og berre små endringar i avrenningsmønster. Dette er grunnen til at konsekvensane for laks og sjøaure blir små.

## **5.8 Kartlegging av ål i vassdraget**

Grunneigarar i Ommedal saknar ei kartlegging av ål i vassdraget.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Ålen i dei norske vassdraga høyrer alle til same bestand som gyt i Sargasso-havet. Vassdraga langs kysten har likevel sær ulik verdi for oppvekst av ål. Dei mest verdifulle er dei vassdraga som har næringsrike, lågtliggende vatn. Det er beskrive i naturmiljørappoen at vassdraget har verdi for ål opp til Gjengedalsfossen, og at det vart fanga ein ål under elfisket.
- Den delen av vassdraget som blir merkbart påverka med vassføringsendringa har ingen verdi for ål. Det er heller ikkje slik at det er ulike bestandar av ål i ulike vassdrag.

## **5.9 Elektrofiske til feil tidspunkt**

Grunneigarane i Ommedal med fleire har uttalt at elektrofisket har blitt gjennomført til feil tidspunkt og ved feil vassføring.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Dette er ikkje rett. Fisket vart gjennomført i august på middels vassføring, og det må reknast som eit optimalt tidspunkt.

## **5.10 Fiskeundersøkingar i Gjengedalsgjølet**

Grunneigarane i Ommedal saknar fiskeundersøkingar i Gjengedalsgjølet (strekninga oppstraums Klype).

SFE Produksjon sin kommentar:

- Denne strekninga ligg godt nedstraums kraftverksutløpet, og vart difor ikkje prioritert (minimal endring i vassføring).

## **5.11 Påverknad på anadrom fisk**

Fylkesmannen hevdar i si uttale at fagrappoen konkluderer med «ingen påverknad på anadrom fisk».

SFE Produksjon sin kommentar:

- Dette er ikkje ei korrekt framstilling av utgreiinga. Der står det: «Liten negativ konsekvens» for fisk i både anleggsfase og driftsfase.
- Fagrappoen konkluderer med at prosjektområdet, på grunn av sin høge verdi for anadrom fisk, har middels til stor verdi for fisk.
- For anadrom fisk er påverknadane små fordi vassføringa ikkje blir vesentleg endra.
- Fossen er vandringshinder for laks og sjøaure og utløpet frå kraftstasjonen vert plassert ei kort strekning nedanfor Gjengedalsfossen.

## **5.12 Plassering av utløp frå kraftverket**

Fylkesmannen skriv i si fråsegn at utløpet frå kraftverket ligg 180 meter nedanfor fossen og at det dermed er grunn til å tru at utbygginga vil råke standplassar, gyteområde, ungfiskområde og fiskeplassar øvst på den lakseførande strekninga.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Utløpet er planlagt plassert om lag 110 meter frå foten av fossen, ikkje 180 meter.
- Ut i frå resultata frå dei undersøkingane som vart utført er det ingen ting som tyder på at det verken er gode gyteområde, oppvekstområde eller fiskeplassar på denne elvestrekninga mellom fossen og utløpet.
- Det er særskilt vanskeleg å ta seg fram langs elva og mykje av elvebotnen består av fjell som er dårleg eigna til både gyting og oppvekst. Det er hevda frå fiskarar at hølane øvst i vassdraget er viktige gyteområde. Dette er ikkje dokumentert så langt vi veit.
- Det vart funne einskilde laksungar i øvre del, men tettleiken var særskilt låg. Vi er einige med Fylkesmannen i at elfiskemetoden har sine svakheter i slike område, og at det førekjem gyting i dei øvre områda, men det er lite truleg at produksjonen av laksungar mellom foten av Gjengedalsfossen og utløpet frå kraftverket har nemneverdig verdi for vassdraget.
- Vi er også einige i at slike hølar er gode standplassar for fisk utover sommaren og at dei slepp seg ned på betre eigna gyteområde på hausten. Dette temaet er også kommentert under Teknisk plan kap. 2.1.

## **5.13 Gyteområde i avløpstunellen**

Fylkesmannen med fleire er skeptisk til å etablere gyteområde i avløpstunnelen fordi det kan endre viktige seleksjonsforhold i forhold til å favorisere stor laks.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Målsettinga med å etablere gyteområde i avløpet frå kraftstasjonen er i utgangspunktet ikkje tenkt som eit kompensasjonstiltak for skade, men som eit tiltak som vil betre gyttelihøva i eit område av elva som i dag har mangelfulle gyttelihøve. Vassdraget har både rolege og strie parti og det er difor eigna for gyting av fisk av ulik storleik i ulike delar av vassdraget. I hølen der stien frå Mjellem kjem ned til elva, kan det nemnast at det vart observert ein stor og to mindre laksar i august 2013.

## **5.14 Magasinkapasitet og flaumtoppar.**

Fylkesmannen og NJF meiner at magasinkapasiteten er stor nok til å påverke fiskeoppgangen og fisket.

SFE Produksjon sin kommentar:


- Vi er einige i at flaumtoppane vert noko mindre etter utbygging for alternativ 1, men samstundes vil dette gje auka vassføring i ein periode etter flaum. Fylkesmannen kommenterer ikkje om dette er positivt eller negativt for produksjonen av fiskungar, men hevdar det vil gå ut over fiskeoppgangen og fiskeutøvinga. Dette kan ikkje avvisast kategorisk, men det er ingen grunn til å tru at dette blir merkbart reelt sett.

## **5.15 Temperaturtilhøve på vatnet i elva nedstraums kraftverket**

Fylkesmannen, grunneigarar i Ommedal og Rasmus Ommedal er uroa for temperaturtilhøva.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Temperaturkurvene i figur 3-5 på side 37 i konsesjonssøknaden er oppdatert grunna feil i framstilling av data. Korrekte kurver vert sendt NVE som eige dokument. I dette brevet er kurva for vasstemperaturar ved utløpet av Dalevatnet og botnen av fossen inkludert (Figur 4).
- Det er rett som dei seier at temperaturen vil verte om lag ein grad lågare nedstraums Gjengedalsfossen på våren/forsommaren når det framleis ligg is på vatna. Dette skuldast fråvær av soloppvarming på den delen av vassmengda som går gjennom tunnelen. Tilsvarande vil vasstemperaturen auke på denne strekninga på hausten pga. redusert utstråling. Dette er likevel langt mindre variasjon enn det som skjer mellom dag og natt eller mellom ulike år. Det kan difor ikkje seiast at temperturendringane vil gje merkbar effekt på fiskeproduksjonen i dette høve.
- Det er ikkje gjort berekningar av eksakte temperaturendringar som følgjer av kraftverket, men målingane av vasstemperatur på fleire stader i vassdraget gjer eit godt billete på kva for endringar som vil skje. På våren vil vasstemperaturen i Støylselva og Slettelva auke som følgje av redusert vassføring. Avhengig av vassføringa gjennom kraftverket vil dette ha ulik betyding for den samla vasstemperaturen nedstraums kraftverket.
- Vasstemperatur er særskilt viktig for kor lenge laksungane står på elva før dei smoltifiserar. Ei lita temperatursenkning på våren, kombinert med ei tilsvarande auke på hausten, ventast ikkje å medføre vesentleg endring av smoltalder.



Figur 4 Vasstemperaturar ved utløpet av Dalevatnet og botnen av fossen

## 5.16 Omløpsventil

Grunneigarane i Ommedal viser til at ein omløpsventil kan svikte og at ein må taka omsyn til faren for at opning av omløpsventil kan føre til gassovermetting nedstraums.

NJF meiner at kapasiteten på omløpsventilen bør være like stor som maksimal slukeevne.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Det kan aldri gjevast ein garanti for at slikt ikkje kan skje, men omløpsventilar er viktige for å hindre bråe fall i vasstand med påfølgjande stranding av fisk. Det er derimot ingen fare for at start av omløpsventilen kan medføre gassovermetting nedstraums kraftverket dersom inntaket er utforma med dagens kunnskap.
- Skilnaden på kva som er vassdekt areal ved maks slukeevne og middelvassføring ( $7,64 \text{ m}^3/\text{s}$ ) er liten. Dette er ikkje berekna for strekninga ned mot Klype (Gjengedalsgjølet), men når vassdraget har ei trøng form slik som i gjelet, vil elvesenga vere vassfylt sjølv ved låga vassføringar. Vi ser difor ikkje behov for å auke kapasiteten på omløpsventilen.

## 5.17 Partiklar frå tunneldrivinga og sprengstoffrestar

Grunneigarane i Ommedal fastslår at sprengstoffrestar og partiklar frå tunneldrivinga vil kunne bli ein fare for livet i elva og at rogn, yngel og ål vil døy.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Dette er ikkje kjent frå andre tilsvarende anlegg. Erfaringar viser at dette går bra. Sedimentasjonsbasseng og strenge krav etter forureiningslova sikrar at dette er kontrollerbart.

## 5.18 Gyteplassar i Gjengedalsgjølet

Henning Moe og Lennart Moe opplyser at det er 8 - 10 kjende gyteplassar i gjelet nedstraums Gjengedalsfossen.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Dette er det ingen grunn til å tvile på. På strekninga mellom utløpet frå kraftverket og opp til Gjengedalsfossen (den korte strekninga som får redusert vassføring) er det få egna gyteområder. Det er dette som er meint i fagrappoen for Naturmiljø og naturens mangfold.

## 5.19 Minstevassføring i Sletteelva

Lennart Moe meiner at reguleringa av Storevatnet og Dalevatnet vil få negative konsekvensar for aure fordi vasstanden ofte vil ligge lågare enn i naturlig situasjon. Han hevdar òg at vassføring mindre enn  $1 \text{ m}^3/\text{s}$  når tilsiget er mindre vil kunne utrydde aurebestanden i Sletteelva.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Konsekvensutgreiinga syner at regulering innanfor naturleg vasstandsviasjon ikkje påverkar aurebestanden i Storevatnet og Dalevatnet negativt.
- Når det gjeld slepp av minstevassføring ut frå Dalevatnet vil ein oppfylle minstevassføringskravet så lenge det er nok tilsig til vatnet. Når tilsiget til Dalevatnet går under kravet til minstevassføring, blir heile tilsiget sleppt og vassføringa ut frå vatnet blir lik den vassføringa ein ville hatt utan utbygging. Det er difor ikkje grunnlag for å tru at aurebestanden i Sletteelva vil bli utrydda, slik som Lennart Moe skriv i si fråsegn.

## 5.20 Bonitering av elva

Norsk Villakssenter saknar ei bonitering av heile elva.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Dette var ikkje ein del av krava i utgreiingsprogrammet, men vil være naturlig å gjennomføre før eventuell byggestart for å kunne dokumentere før-situasjonen.

## **5.21 Utgreiing om fiskevandring**

Rasmus Ommedal saknar ei betre utgreiing av korleis fiskevandring og dermed forholda for fiskeutøving vil kunne bli påverka av endringane i vassføring som ein kan få som følgje av utbygginga.

SFE Produksjon sin kommentar:

- SFE har forståing for at dette er eit viktig punkt for utøving av fiske. Med bakgrunn i at omsøkt prosjekt gir heilt marginale vassføringsendringar, kan ein vanskeleg sjå at det kan dokumenterast endringar i høve til fiskevandring og utøving av fiske.

## **5.22 Samla lastning**

Lennart Moe saknar ei vurdering av samla lastning.

Henning Moe meiner at det er ei svakheit at vurderinga berre er gjort for enkelttema og at disse ikkje er knytt saman.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Vi vil opplyse om at det er gjort ei slik vurdering i kapittel 12 i hovudrapporten, «Konsesjonssøknad og konsekvensutgreiing for Gjengedal kraftverk.
- Vi meiner at vurderinga som er gjord tilfredsstiller krava i utgreiingsprogrammet.

## **5.23 Landskapsvernområde**

WWF/DNT/NNF og Dag Bakketun hevdar at regulering av Storevatnet er i strid med verneformålet.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Dette stemmer ikkje. I verneforskrifta er det opna for at Storevatnet kan regulerast dersom vasstanden haldast innanfor øvre og nedre naturlege vasstandsnivå (jf. Forskrift om Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, § 3, 1.2 e). Utbyggjar vil òg vise til høyringsuttalen til Naustdal-Gjengedal verneområdestyre som bekreftar at utbyggingsplanane ikkje er i strid med verneforskrifta.

# **6 Kulturminne og kulturmiljø**

Det vert frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune påpeikt tiltakshavar si plikt til å ivareta kulturminne. Grunneigarane i Ommedal er opptekne av at tiltaket råkar nyare kulturminne og kulturmiljø.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Tiltakshavar si undersøkingsplikt etter § 9 i lov om kulturminne er gjennomført i areala som har samanheng med tiltaka til kraftverket. Tiltaket er i konsesjonssøknaden vurdert å ha liten negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø.
- Vi vil understreke at det er naturleg og naudsynt at tiltaket tek omsyn til og tilpassar seg kulturminne og kulturmiljøet i prosjekteringsfase, anleggsfase og driftsfase.

## 7 Forureining og vasskvalitet

Fylkesmannen, grunneigarar i Ommedal, NJFF og Henning Moe er opptekne av vatn frå tunneldrift (utslepp og sedimentasjon) og sigevatn frå tippar etablert av stein frå tunnelen. Ein vil unngå forureining og redusert vasskvalitet i elva.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Det er i hovudsak korleis tiltakshavar handterer tunnelvatn og sigevatn frå tippområda som potensielt kan generere utslepp til resipienten (grunnvatn, elv, vatn, myr og liknande) i dette prosjektet. Det er frå tiltakshavar si side av høg prioritet å ha null miljøhendingar (uhellsutslepp) i alle utbyggingsprosjekt.

### 7.1 Tunnelvatn og sedimentasjon

Grunneigarar i Ommedal stiller spørsmålsteikn ved utbyggjar si løysing for sedimentasjon av tunnelvatn før det går i reinseanleggat.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Det er hjå utbyggjar fokus på å unngå alkalisk, nitrogenhaldig og partikkelfhaldig tunnelvatn til dei ulike resipientane. I tillegg kan lekkasje av injeksjonskjemikalier utgjere ei fare. Konsesjonssøknaden omtaler dette og skil mellom forventa utslepp og uhellsutslepp. Det vert i prosjekteringsfasen detaljert omtala korleis utbyggjar skal løyse dette.
- Ein vil ta utgangspunkt i NFF Teknisk Rapport 09: «Behandling og utslip av driftsvann frå tunnelanlegg» og påpeike at det er gjennomført liknande prosjekt andre stader med godt resultat. Utbyggjar ser føre seg utsprengte basseng i fjell. Behandling av tunnelvatn og desse sedimenta skal godkjennast av Fylkesmannen før anleggstart.

### 7.2 Tippmasse/deponi

Fylkesmannen og NJFF med fleire skriv i sine fråsegner at massedeponia og arbeidet med desse ikkje må få konsekvensar for naturmiljøet i og ved elva.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Sprengsteinsmasse er i utgangspunktet reine massar, men massane inneholder restar av nitrogen. Det er gjort målingar ei rekke stader på sigevatn frå deponerte massar, og det

er i nokre tilfelle registrert høgare konsentrasjonar enn naturleg av nitrogen som gir auka plantevekst i nærliggjande vegetasjon. SFE Produksjon kan ikkje sjå at den føreslegne plasseringa av tippmassane har noko negativ effekt på Gjengedalsvassdraget som recipient.

- Eit moment som er nemnt er fare for utrasing av massar om det vert lagt ved kanten på Gjengedalsgjølet. Dette vert teke omsyn til og ein vil unngå plassering av massar så det er fare for utrasing. Ein vil òg så langt det er mogleg unngå å stenge tilkomst/stiar ned til gjelet ved plassering av massar.

## 8 Naturressursar

### 8.1 Gjerdebygging langs elva

Fylkesmannen skriv i si høyringsfråsegn at det må vurderast å byggje gjerde langs elva, for å unngå at beitedyr kryssar elva ved låg vassføring.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Utbyggjar vil i god tid før oppstart av kraftverket ta kontakt med grunneigarane i det aktuelle området for å planlegge naudsynte tiltak.

## 9 Samfunn

### 9.1 Kommunal uttale, næringsfond og avtale

Gloppen kommune har sendt inn høyringsfråsegner til NVE i to omgangar. I den første fråsegna som vart vedteken av kommunestyret 7. april 2014 skriv kommunen mellom anna: "Gloppen kommune har ikkje vesentlege merknader til konsesjonssøknaden frå SFE Produksjon AS for Gjengedal kraftverk". Gloppen kommune søkte deretter om utsetjing av høyringsfristen til 7. juni 2014 og fekk denne fristen innvilga.

I tida fram til den utsette høyringsfristen gjekk ut, gjennomførte SFE Produksjon AS og Gloppen kommune forhandlingane om ei avtale knytt til utbygginga. Det er avtala tiltaksfond/tiltak i stor grad innretta mot infrastruktur mv innafor ei maksimal kostnadsramme på 10 MNOK korrigert for kraftprisutviklinga ved realisering av ei utbygging.

I den andre høyringsfråsegna skriv Gloppen kommune:

"Det er frå lokalt hold gitt uttrykk for at utbygging etter alternativ 1 på grunn av reduksjon av naturlige flaumar, gir større fare for negative påverkningar på laksefisket nedstraums enn utbygging etter alternativ 2. Med tilvising til fagrapporten for fisk meiner SFE Produksjon AS at ei utbygging etter alternativ 1 ikkje utgjer nokon slik fare. Gloppen kommune har ikkje den nødvendige fagkompetanse til på eit sjølvstendig grunnlag å ta stilling til dette. Fordi kommunen ser på dette som eit viktig spørsmål å få avklart, ber

kommunen NVE gjere ei særleg vurdering av spørsmålet i si behandling av konsesjonssøknaden".

SFE Produksjon sin kommentar:

- SFE Produksjon AS har ingen merknadar til høyringsfråsegnene ut over det som er nemnt ovanfor. Det vert elles vist til våre kommentarar under punkt 2.2. vedkomande eventuell justering av manøvreringsreglane for sommarperioden knytt til Alternativ 1.

## **9.2 Avbøtande tiltak under anleggsperioden**

Marta Johanne og Ottar Gjengedal er grunneigarar på gnr. 18 bnr. 10 ved Klype. Eigedomen ligg tett ved vegen der transport i samband med anleggsdrifta vil føregå. Grunneigarane meiner at dei ikkje er informert om utbygginga, men at dei elles er stiller seg positive til den.

SFE Produksjon sin kommentar:

- Partane har vorte samde om at dersom Gjengedal kraftverk får konsesjon, skal SFE ta kontakt med Marta Johanne og Ottar Gjengedal for ei synfaring for å sjå på korleis ein best kan få til avbøtande tiltak under anleggsperioden.

## **9.3 Eigarforhold i vassdraget**

Dag Bakketun er eigar av gnr. 19 bnr. 4 i Gloppen kommune og skriv at det ikkje stemmer at SFE har alle naudsynte rettigheter til fallet for å kunne bygge ut.

SFE Produksjon sin kommentar:

- SFE legg til grunn at sameige til vassrettar i Gjengedal kjem inn under overeinskomst av 1958. Denne stadfester avtalane frå 1900-tale og slår fast at utbyggjar har rett til:
  - Regulering av Storevatnet.
  - Overføring av Sageelva (Stølselva) til Storevatnet.
  - Rett til å bygge alle nødvendige anlegg der det er føremålstenleg mot oppgjerd for grunn, skade og ulempe.
- Gnr. 19 bnr. 4 er part i overeinskomsten av 1958, og har som dei andre grunneigarane motteke godtgjersle etter denne sidan 1965.
- Når det gjeld fallet som skal nyttast i Stølselva, så ligg det i grunn som er utskifta. Gnr. 10 bnr 4 eig ikkje grunn her. Av dette følgjer at dersom dette fallet er særeige, så er utnytting av fallet gnr. 10 bnr. 4 uvedkomande. Subsidiært, om dette fallet skulle vere sameige, så er gnr. 19 bnr. 4 bunden av overeinskomsten av 1958, som gjev nødvendige rettar til kraftutbygging. SFE har lagt til grunn at dette fallet ligg i særeige, og har inngått avtale med grunneigarane om oppgjerd for bruk i prosjektet.

- Når det gjeld fallet mellom Storevatnet og Dalevatnet, så skal dette ikkje nyttast i den konsesjonssøkte utbygginga. Motseiingane frå gnr. 19 bnr. 4 er difor ikkje relevante for den planlagde utbygginga.
- Det er lokal usemje om eigarskapet til fallet mellom Storevatnet og Dalevatnet, men etter som det ikkje er søkt om utnytting av fallet, er spørsmålet ikkje relevant for handsaminga av søknaden.
- For at kraftutbygginga ikkje skal stogge opp med bakgrunn i at spørsmål kan bli forsøkt tvista, søker SFE om løyve til tileigning dersom det skulle bli naudsynt.

## **10 Friluftsliv og reiseliv**

Fleire høyringspartar har omtala utbygginga sin konsekvens for friluftslivet, mellom anna Fylkesmannen, WWF, DNT og Norges Miljøvernforbund, verneområdestyret og grunneigarar i Ommedal. I nokre fråsegner til konsesjonssøknaden vert det påpeikt at konsekvens for friluftsliv og reiseliv er sett for lågt. Grunneigarar i Ommedal er uroa for at ein ikkje kan opphalde seg i Gjengedalsgjelet etter utbygging på grunn av rask auking i vassføringa.

SFE Produksjon sin kommentar:

- SFE Produksjon meiner at påverknaden på friluftsliv er liten. Det same gjeld problemet for skiløparar med overvattn på isen vinterstid.
- Konsekvensutgreiingane viser at tiltaket sin konsekvens for laks og sjøaure er ubetydeleg. Difor er konsekvensen for friluftsliv og reiseliv ikkje oppjustert fordi tiltaket ikkje har konsekvens for fisket i vassdraget.
- Når det gjeld grunneigarane i Ommedal si uro for at ein ikkje kan opphalde seg i Gjengedalsgjelet etter utbygging på grunn av rask auking i vassføringa, vil utbyggjar påpeike at ein forventar at Gjengedal kraftverk skal køyrast med såkalla mjuke overgangar. Endringane i vassføring i gjelet vil då ikkje utgjere noko fare ved normal ferdsel. Køyrereglementet vert bestemt av NVE/OED.

## **11 Oppsummering**

SFE Produksjon meiner med bakgrunn i det ovanforståande at konsekvensutgreiinga oppfyller krava i det fastsette KU-programmet og at undersøkingane visar at konsekvensane ved tiltaket gjennomgåande er små. Nutta av tiltaket er utan tvil større enn ulempene.

Sjølv om vi er i tvil om at nutta er større enn kostnadene, er SFE Produksjon likevel opne for å fjerne omsøkt regulering om sommaren av Storevatnet knytt til Alternativ 1.

## **12 Nye vedlegg til konsesjonssøknaden**

8. Oppdaterte temperaturkurver
9. Oppdaterte vassføringskurver nedstraums kraftverket med og utan regulering av Storevatnet
10. Oppdatert varigheitskurve for vasstanden i Dalevatnet

Med helsing  
SFE Produksjon AS

Ola Lingaas

Ola Lingaas  
Produksjonsdirektør

Erik Utneim

Erik Utheim  
Prosjektleiar